

**Felles uttale i samband med høyringa av forskrifa om  
minstekvantum av epleråstoff til bearbeidingsindustrien 2019-2020**

PL Nå Fruktlager BA, Ryfylkefrukt SA, Hardanger Fjordfrukt SA og Ullensvang Fruktlager SA sender med dette ein felles uttale vedrørande forskrifa om minstekvantum av epleråstoff, som har høyringsfrist den 22. november 2019.

Dyrking av eple er utsett for til dels store årlege swingingar i produksjonsvolum, og er trass i moderne produksjonsteknikkar i vesentleg grad styrt av vêrmessige tilhøve som varierer frå år til år. Kvar enkelt fruktdyrkar må handtera denne usikkerheita ved å driva fruktdyrking på ein optimal måte, men har òg behov for verkemiddel som gir stabile føresetnader.

Ordninga med minstekvantum av epleråstoff er nettopp eit slikt verkemiddel, der den lettar avsetjinga av det eventuelle produksjonoverskot og/eller eple som ikkje når dei kvalitetskrava som er sett til konsumeple. Den bidreg dermed positivt til å skapa føreseielege vilkår som samla gir ei levedyktig næring med framtidssikre utsikter, og er ein medverkande faktor i verdiskapinga.

Langsiktige og føremålstenlege løysingar er grunnleggjande for alle aktørane i næringa, og det er viktig at minstekvantumsordninga er tilpassa dei føresetnadane som gjeld i dag, og som truleg vil gjelda i nærmeste framtid. Me er i utgangspunktet opne for å sjå på innretninga på ordninga og korleis den fungerer i praksis i verdikjeda, dersom det vil bidra til ein god administrasjon av den, og tena næringa.

I eit vidare perspektiv, medfører ordninga òg redusert matsvinn. Det at ei råvare som ikkje når ut til konsummarknaden, kan kanaliserast inn til vidareforedling av eit anna produkt, gjer at ein i stor grad kan nyttiggjera seg av det naturen gir. Effektiv utnytting av lokale ressursar og mindre kasting av brukande mat, er til det gode for samfunnet som heilskap.

Når det gjeld minstekvantumet som er føreslått i denne forskriften, vil me påpeika at sesongen 2019 trass i tilnærma lik avling som i 2018, har vore prega av ein uventa høg prosentdel småeple i KL1-kategorien, som konsummarknaden ikkje har klart å ta unna. Overskotet har dermed vorte gjort tilgjengeleg på presseplemarknaden til juice o.l., men sjølv der har tilbodet vore høgare enn etterspurnaden. Ein større del enn vanleg vil dermed gå til konsentrat, og me ber difor om at minstekvantumet av konsentrat vert justert opp til eit nivå som reflekterer forventa faktisk produksjon.

Med helsing,

PL Nå Fruktlager BA - Ryfylkefrukt SA - Hardanger Fjordfrukt SA - Ullensvang Fruktlager SA

Uttale er støtta av leiar i Hagebruksutvalet, Norsk Bonde og Småbrukarlag, Øystein Pugerud

Signering elektronisk, 22. november 2019